



77.000 kroner til opprusting av Heio og kr 16.000 til varmepumpe i bedehuset, var Uskedalen sin andel av gåvedysset frå SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad i denne omgangen

Til no har den samla tildelinga kome opp i 7,5 millionar kroner, og 142 av søkjarane er tilgodesett.

Idrettslaget Trio fekk denne gongen det største beløpet; 500.000 kroner til fast dekke på Husnes stadion.

Styreleiar Svein Arne Eidsvik konstaterte at gåvene gjev gode resultat.

– Den frivillige innsatsen er med og samlar bygdene, sa han.

Det er fusjonen mellom Kvinnherad Sparebank og SR-Bank som har gjort gåveflommen mogeleg.

På bildet øverst tek Jon Harald Kjærland i mot gåva til indremisjonen av Frøydis Sjo Fjellhaugen, som er nestleiar i stiftinga og under er det stor dugnadsinnsats på Heio i førre veka.

Foto: Ola Matti Mathisen og Kristian Hus

